

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Bergen, 4.5.2017

Høyringsuttale om Tokheimselva kraftverk i Odda kommune, Hordaland.

Naturvernforbundet i Hordaland (NVH) er sterkt skeptisk til at Småkraft AS skal få konsesjon til å byggja ut Tokheimselva kraftverk i Odda kommune med ein effekt på 9.07 MW og tilnærma årsproduksjon på 26.5 GWh.

Per dags dato ligg det 3 søknader om løyve til utbygging av småkraftverk i Odda kommune, medrekna denne søknaden til Tokheimselva kraftverk. I høyringsbrevet står det at søknadene i Småkraftpakken Odda skal vurdast kvar for seg, men også alle sakene samla. Med tanke på at den økologiske belastninga i området vil bli stor, er Naturvernforbundet Hordaland (NVH) kritisk til at Småkraft AS skal få konsesjon på Tokheimselva kraftverk. Verknadene av inngrepet på landskapet og vassdragsnaturen blir for store og konsekvensane av den planlagte utbygginga vil etter vår meining langt overgå den potensielle samfunnsnytta. Eller sagt med andre ord, vatnet i Tokheimselva representerer langt større verdier dersom det får renna fritt enn dersom det blir lagt i røyr.

Hydrologi og landskap

Tokheimselva renn ut i Sørfjorden like ved Boliden (tidlegare Norzink) sitt anlegg på Eitrheimsneset, og ein stor del av vatnet i elva har i lengre tid vore utnytta som kjølevatn til fabrikk. Elva deler seg i to ca 250 meter over havet, og i 135 meters høgd i den nordlege greina av elva er det eit samlebasseng der vatnet blir ført ned til fabrikk gjennom ein ledning med kapasitet på 1200 l/s. Der elva deler seg, nedanfor Buksefoss, er det støypt ein mur, for å hindra at elva skifter løp på grunn av jord- og snøskred. Dei tidlegare reguleringane er bakgrunnen for at Småkraft AS planlegg utbygging i to trinn:

- (1) Først skal det sleppast ut inntil 1200 l/s til øvre kraftstasjon og vidare til Bolidens magasin på kote 135 m.
- (2) Når magasinet er fullt, vil overskytande vatn førast over i søndre elveløp og ned til nedre kraftstasjon på kote 40 m, som dermed blir eit flaumkraftverk.

Denne ordninga fører til at søndre elveløp frå kote 250 m og ned til nedre kraftverk på kote 40 m blir totalt tørrlagt store deler av året. Ellers er det foreslått minstevassføring på 50 l/s i perioden 1.5-30.6, mot 275 l/s i perioden 1.7-30.9 og 15 l/s i resten av året. Dette tilsvarar berre 6% eller mindre av middelvassføringa i 9 av månadene i året. Vassføringa vil altså bli kraftig redusert på den 1.6 km lange strekkinga i vassdraget frå inntaket på kote 584 m og ned til nedre kraftstasjon, og dette vil bli svært synleg i fjordlandskapet frå andre sida av fjorden og frå Odda sentrum. Sjølve røyrgata opp til inntaksdammen med eit 40 meter breitt belte gjennom skogen nord for elveløpet vil også bli svært skjemma. Langs Tokheimselva på sørsida går turistvegen som er hovudinnfallsporten til Folgefonna nasjonalpark frå Sørfjordsida, opp til Holmaskjerbu gjennom Buer landskapsvernområde. Inntaksdammen ligg faktisk heilt på grensa til dette landskapsvernområdet. Turistvegen går delvis svært nær elveløpet og gir turgåarane eit levande inntrykk av elva og naturkreftene. Inngrepet vil dermed redusera turistverdien av ei av dei mest populære rutene over Folgefonna, og den

flaumstore elva vil bli redusert til ein sildrebekk i store deler av sesongen. Vi minner om formålet med verneområder, der det heiter at turistane «skal ha høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging» der formålet er å ta vare på «eit eigenarta og vakkert naturområde med store opplevingskvalitetar knytt til heilskapen og variasjonen i naturen frå dalføre opp mot høg fjellet.» Tokheimselva kjem frå det store Blåvatnet som ligg i ein dalbotn opp mot breen, 1061 meter over havet.

Vi minner også om at Tokheimselva er ein viktig del av fjordlandskapet i Sørfjorden med stor vekt på tema sårbart høg fjell, kulturminne, miljø og reiseliv. Blandinga av kulturlandskap og klassisk norsk industrihistorie blir også nemnt som ein del av turistverdien av fjordlandskapet i Hardanger. Dei mange fossane er ein viktig del av natur- og kulturlandskapet, og av synsinntrykket frå fjorden. Av denne grunn er Odda og Sørfjorden oppført på UNESCO si verdsarvliste.

Biologisk mangfald

Av verdfulle og truga naturtypar er det registrert tre små fossesprøytsoner (NT) i elveløpet mellom kote 480 og 520 meter, den øvste var vanskeleg tilgjengeleg og blei berre observert på avstand. I tillegg fins det ein liten bestand med høgstaude-bjørkeskog og eit lite parti med rik edellauvskog, begge deler truga vegetasjonstypar. Det er observert kvitryggspett, hjort og rådyr i edellauvskogen. Ellers er elveløp klassifisert som truga naturtype (NT), som i følge konsulentrapporten har fått redusert verdi på grunn av tidlegare reguleringar.

Naturvernforbundet Hordaland er ueinig i denne vurderinga, og meiner at heile den delen av elveløpet (1600 meter) som vil få redusert vassføring, vil bli skadelidande på grunn av inngrepet.

Av dei 11 raudlista artar i influensområdet kan nemnast svartand, fiskemåke, sothøne og jøkulstarr, som alle er knytt til vassdrag, og dessutan fossefall, som står på Bernliste II, men som tidlegare var på raudlista. Fossefallet er heilt avhengig av rennande vatn for vinterføde og reirplassar. Når det gjeld mose og lav, så fins det nedsenka i elveløpet fuktighetskrevande artar som mattehutmose (*Marsupella emarginata*), rødmesigdmose (*Blindia acuta*), klobekkmose (*Hygrohypnum ochraceum*) og kjeldmose (*Philonotis fontana*). Desse artane blei også registrert i fossesprøytsone, og er sårbare for redusert vassføring. Sjølv om dei ikkje står på raudlista, så er dei indikasjonar på at det kan finnast andre artar som er på raudlista, og med tanke på at den eine fossesprøytsone ikkje er undersøkt, så tilseier «føre var-prinsippet» (§9 i Naturmangfaldlova) at Tokheimselva ikkje bør byggjast ut. Mellom Buksefoss (250 m) og Boliden sitt inntaksmagasin (135 m) er det observert ein liten bestand av bekkeare (ref. Oddvin Tokheim), som også vil bli påverka av utbygginga.

Eit viktig poeng som er nemnt i konsekvensanalysen, er at Tokheimselva er ei typisk flaumelva med store årstidsvariasjonar i vassføringa. Det har ført til at store deler av elveløpet er blankskurte svaberg. Langs desse delene av elveløpet utviklar det seg sjeldne plantesamfunn med konkurransesvake pionerartar (Hassel m.fl 2006). Sterkt redusert vassføring vil føra til at desse plantesamfunna forsvinn og blir konkurrert ut av meir tørketålande artar (Andersen & Fremstad 1986). Det fins lite kunnskap om desse prosessane, difor bør «føre var-prinsippet» følgjast også her. Vi minner om Biofokus-rapporten om konsekvensane av Øystese-utbygginga, som viste at berre 3 av totalt 14 raudlista artar blei registrert av konsulentfirmaet som stod bak den offisielle rapporten.

Samla belastning og konklusjon

I tillegg til dette viser Naturvernforbundet Hordaland til §10 i Naturmangfaldlova med prinsippet om økosystemtilnærming og samla belastning, som lovfester at bygging av nye småkraftverk og andre naturpåverknader må vurderast i samanheng før det blir teke avgjerd. Eksisterande eller planlagte inngrep må ikkje bli eit argument for utbygging, men tvert imot eit argument mot utbygging. Dess fleire vassdrag i eit område som blir utbygd, dess større verdi får dei som blir igjen, og dess høgare terskel burde NVE ha for tildeling av nye konsesjonar (sml. høyringsuttale frå FNF-Hordaland). Og i Sørfjorden og området rundt Folgefonna er det svært mange små og store vassdrag eller deler av vassdrag som er blitt lagt i røyr som følgje av utbygging – i eit område som er eit av dei fremste reiselivsmåla i landet og som har fått verdsarvstatus. Naturvernforbundet Hordaland går difor mot utbygging av Tokheimselva i Odda

Med venleg helsing
for Naturvernforbundet Hordaland

Øystein Lunde Heggebø
leiar

Oddvar Skre
saksbehandlar